



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
55/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	06.06.2016
62/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 145	16/652

RÅDMANNNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

Vedlegg:

Økonomiplan 2017 - 2020

Lev Vel - rapport forprosjekt pdf

Bygg_vedlegg-okonomiplan-2017-2020-rev2 (2)

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-2020 - Uttale frå administrasjonsutvalet

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-2020 - Uttale frå eldrerådet

MELDING OM VEDTAK - RÅDMANNNS FRAMLEGG TIL ØKONOMIPLAN 2017 - 2020 - UTTALE FRÅ LEVEKÅRSUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomiplan 2017 – 2020 vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 55/2016

FPØ - Behandling:

Økonomisjefen orienterte.

Framlegg til vedtak om økonomiplan 2017 - 2020 frå Eirik Haga på vegner av AP og SP:

A. Kommunestyret viderefører dei føringane ein vedtok i økonomiplanen for 2016 – 2019 som ikkje er gjennomført.

B. Kommunestyret vedtek rådmannen sine rammer for tenestoområda med følgjande endringar:

Tenestoområde	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
Felles	26 100	- 500	- 1 000	- 1 500	- 2 000
Oppvekst	69 800	+ 1 000	+ 1 000	+ 1 500	+ 1 500
Helse og omsorg	122 800	+ 1 000	+ 1 500	+ 1 500	+ 2 000
Samfunnsutvikling	40 100	+ 500	+ 500	+ 500	+ 500
Sum	258 800				
Frå auka inntekter		+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000

C. Auka inntekter frå eigedomsskatt private hus og fritidsbustader:

	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
+ 0,02 %		+ 4 000	+ 4 000	+ 4 000	+ 4 000
Retaksering				Rådmannen legg opp til retaksering i 2019. Det vert difor ikkje føreslege å ta ut heile potensialet	
Til styrking av drift		2 000	2 000	2 000	2 000
Til demping av låneopptak		2 000	2 000	2 000	2 000

Halvparten av dei auka inntektene går til tenesteområda. Halvparten går til å dempa låneopptaka/styrka finans.

D. Konesjonskraftgevinst

Det er ikkje budsjettet med konesjonskraftgevinst i framlegget til rådmannen. Rådmannen vert beden om ei sak der ein drøftar moglegheiter og utfordringar med å halda gevinsten utanom årsbudsjetta i ei framtid med evtuelst gevinst.

E. Kommunestyret vil koma tilbake til eventuelle endringar i kapitalbudsjettet under handsaming av årsbudsjetta.

Finans/låneopptak - endringar i høve rådmannens framlegg

Tiltak	2017	2018	2019	2020
Frå auka eigedomsskatt	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av fond	5 000	5 000	5 000	5 000
Reduserte låneopptak	- 7000	- 7000	- 7000	- 7000

Framlegg til vedtak frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, H, KRF:

Forslag økonomiplan:

Kommunestyret vedtek økonomiplan 2017 – 2020 med følgjande endringar:

1. *Innsparingar ved å oppretthalde dagens skulestruktur vert gjort i høve ny og renovert bygningsmasse ikkje på antal lærarstillingar. Kommunestyret forutset at lærarressursar vert nytta der trongen er størst mellom skulane.*
2. *I økonomiplanperioden skal det gjennomførast ein organisasjonsgjennomgang med mål om ein reduksjon i sentraladministrasjon/samfunnsutvikling på 3 stillingar. Formannskapet er referansegruppe*
3. *Det vert avsett kr. 500 000,- kvart år i økonomiplanperioden til «Aksjon sjukefråver»Mandat for bruk av midlane vert utarbeida av AMU.*
4. *Rivinga av PPT huset på Dale vert utsett til endeleg val av tomt ny barne og ungdomsskule på Dale er avklara. Val av tomt kjem som eige sak i høve budsjett 2017.*
5. *Kommunestyret ber administrasjonen i budsjett for 2017 søker ENOVA om støtte og igangsetjing av EPC –modellen (Energy performance contracting) for Vaksdal kommune som har eit innsparingspotensiale på inntil 1,86 GWH tilsvarande omlag 1,3 millionar årleg.*
6. *Netto driftsresultat i økonomiplanperioden skal ha som målsetting 1,75 % men skal balanserast mot dei tenester og driftsoppgåver kommunen har.*

7. *Investering skule i økonomiplanperioden vert samla låneopptak redusert til 170 millionar kroner. Reduksjon av renter og avdrag vert justert i revidert økonomiplan. Investering skulebygg skal følge alternativ OB i skulestruktursaka.*

Merknad frå Høgre, KrF og SV (Jfr. Fellesforslaget punkt 2)

I forbindelse med behandling av den nye økonomiplanen for 2017 – 2020 ser vi behov for store innsparinger for å gjennomføre nødvendige planer for kommunen.

Vi konstaterer ut i fra forslaget til rådmannen at både oppvekst og helse står med reduserte stillinger samt planer om å redusere stillinger i fremtiden. Den eneste etat som vokser er kommunens administrasjon.

Vi mener at også administrasjonen må ta et ansvar og vil med dette forslaget foreslå følgende omorganisering av administrasjon:

Alt. 1

Rådmann

Stab unntatt ass. Rådmann.

Einingsleier for barnehage og skule – einingsleier samfunnsutvikling og folkehelse/familie – einingsleder hjemmetjeneste og sjukeheim.

Alt. 2

Rådmann

Einingsledere som nå (utgjør ny stab)

Folketallsutviklingen er et vesentlig punkt for den nedbemanning som adm. legger til grunn. Dette mener vi også at adm. må ta konsekvensen av.

Røysting:

Det vart førts røysta over rådmannen sitt framlegg. Dette vart samrøystes vedtatt.

Det vart så røysta over framlegget frå Eirik Haga punkt for punkt:

Punkt A Samrøystes vedteke

Punkt B Samrøystes vedteke

Punkt C Det vart først røysta over om ein skal auka eigedomsskatten - dette vart samrøystes vedteke

Det vart så røysta over disponeringa av eigedomsskatten:

1. Til styrka drift og dempa låneopptak (framlegget frå AP/SP) fekk 4 røyster (AP, SP)

2. Til styrking av drifta (etter framlegg frå Kjartan Haugsnes) fekk 3 røyster (SV, H, KRF)

Punkt D Vedteke mot 1 røyst (SV)

Punkt E Samrøystes vedteke

Det vart til slutt røysta over framlegget frå Kjartan Haugsnes punkt for punkt:

Punkt 1 3 røysta for dette (SV, H, KRF)

Punkt 2 Endra forslag til "I økonomiplanperioden skal det gjennomførast ein organisasjonsgjennomgang med mål om ein reduksjon i sentraladministrasjon. Formannskapet er referansegruppe"
Dette vart samrøystes vedteke

Punkt 3 Samrøystes vedteke

Punkt 4 Ingen røysta for dette, som då går ut

Punkt 5 Endra forslag til "Kommunestyret ber administrasjonen om ei sak til budsjett for 2017 om evt. å søkja ENOVA om støtte og igangsetjing av EPC – modellen (Energy performance contracting) for Vaksdal kommune som har eit innsparingspotensiale på

inntil 1,86 GWH tilsvarande omlag 1,3 millionar årleg."

Dette vart samrøystes vedteke

Punkt 6 3 røysta for dette (SV, H, KRF)

Punkt 7 3 røysta for dette (SV, H, KRF)

I samsvar med uttale frå levekårsutvalet, ba formannskapet om at kapitalbudsjettet vert endra slik at det føl same oppsett som tidlegare. Postane må vera samanliknbare.

FPØ - Tilråding:

Økonomiplan 2017 – 2020 vert godkjent slik den ligg føre, med slike endringar frå formannskapet:

A. Kommunestyret viderefører dei føringane ein vedtok i økonomiplanen for 2016 – 2019 som ikkje er gjennomført.

B. Kommunestyret vedtek rådmannen sine rammer for tenestoområda med følgjande endringar:

Tenestoområde	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
Felles	26 100	- 500	- 1 000	- 1 500	- 2 000
Oppvekst	69 800	+ 1 000	+ 1 000	+ 1 500	+ 1 500
Helse og omsorg	122 800	+ 1 000	+ 1 500	+ 1 500	+ 2 000
Samfunnsutvikling	40 100	+ 500	+ 500	+ 500	+ 500
Sum	258 800				
Frå auka inntekter		+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000

C. Auka inntekter frå eigedomsskatt private hus og fritidsbustader:

	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
+ 0,02 %		+ 4 000	+ 4 000	+ 4 000	+ 4 000
Retaksring				Rådmannen legg opp til retaksring i 2019. Det vert difor ikkje føreslege å ta ut heile potensialet	
Til styrking av drift		2 000	2 000	2 000	2 000
Til demping av låneopptak		2 000	2 000	2 000	2 000

Halvparten av dei auka inntektene går til tenestoområda. Halvparten går til å dempa låneopptaka/styrka finans.

D. Konesjonskraftgevinst

Det er ikkje budsjettert med konesjonskraftgevinst i framlegget til rådmannen. Rådmannen vert beden om ei sak der ein drøftar

moglegheiter og utfordringar med å halda gevinsten utanom årsbudsjetta i ei framtid med eventuelt gevinst.

E. Kommunestyret vil koma tilbake til eventuelle endringar i kapitalbudsjettet under handsaming av årsbudsjetta.

Finans/låneopptak - endringar i høve rådmannens framlegg

Tiltak	2017	2018	2019	2020
--------	------	------	------	------

<i>Frå auka eigedomsskatt</i>	<i>2 000</i>	<i>2 000</i>	<i>2 000</i>	<i>2 000</i>
<i>Bruk av fond</i>	<i>5 000</i>	<i>5 000</i>	<i>5 000</i>	<i>5 000</i>
<i>Reduserte låneopptak</i>	<i>- 7000</i>	<i>- 7000</i>	<i>- 7000</i>	<i>- 7000</i>

F. I økonomiplanperioden skal det gjennomførast ein organisasjonsgjennomgang med mål om ein reduksjon i sentraladministrasjonen.

Formannskapet er referansegruppe

G. Det vert avsett kr. 500 000 kvart år i økonomiplanperioden til «Aksjon sjukefråver» Mandat for bruk av midlane vert utarbeidd av AMU.

H. Kommunestyret ber administrasjonen om ei sak til budsjett for 2017 om evt. å søkja ENOVA om støtte og igangsetjing av EPC – modellen

(Energy performance contracting) for Vaksdal kommune som har eit innsparingspotensiale på inntil 1,86 GWH tilsvarande omlag 1,3 millionar årleg.

Kommunestyret - Sak 62/2016

KOM - Behandling:

Kjartan Haugsnes, SV, fremja sitt forslag frå formannskapet på nytt

Endringsframlegg frå Boris Groth, FRP:

I høve FPØ si innstilling:

Punkt B:

Reduksjoner i linje 1 "Felles" vert fordelt høvesvis som justert auke til dei 3 andre områdene/linjene: "Oppvekst", "Helse og omsorg" og "Samfunnsutvikling".

Punkt C:

Vert erstatta med fylgjande:

Vaksdal kommune ønskjer å vere ein framtidretta proaktiv kommune med sterkt fokus på vekst i så vel folketal som næringsliv for å kunna møte framtidens utfordringar på ein god og robust måte!

Vaksdal kommunestyre ber administrasjonen om at det vert utarbeida og framlagt ei sak snarast mogleg og seinast innan budsjett for 2017 skal handsamast i kommunestyret om nytt prosjekt:

Prosjekt "VEKST I VAKSDAL / PROSJEKT VAKSDAL KOMMUNE 2040-Bynært Bygdaliv!"

- Prosjektet må ta opp i seg å jobbe aktivt med å fremja folketalsvekst i Vaksdal!*
- Prosjektet bør ta utgangspunkt i og marknadsføre effektivt dei moglegheitene ny jernbane og veg opnar for tilflyttarar og næringsliv som er på jakt etter ny lokalisering*
- Prosjektet bør også jobbe aktivt med å verkeliggjere ynskte effekter i moglegheitsstudien og ny kommuneplan som er under rullering, for å utnytte maksimalt dei moglegheitene me som kommune no har!*
- Saka bør også gje ei vurdering av best tenelig organisering av prosjektet, om det bør vere eit kommunalt drevet prosjekt, eller evt. andre tenelige organiseringer!*
- I tillegg til organisering må det også gjerast vurderingar i saksframlegget til kommunestyret vedrørande økonomi for prosjektet, og korleis det skal finansierast. Fins det t.d. midlar ein kan søke om hjå fylkesmann/sentralt/Innovasjon Norge eller liknande som kan nyttast i eit slikt prosjekt?!*

(Noko inspirasjon kan muligens hentast frå tidligare prosjekt: "Vekst i Vaksdal"?!)

Ordføraren opplyste om at siste del av punkt E i formannskapet si tilråding var felle ut:

Finans/låneopptak - endringar i høve rådmannens framlegg

Tiltak	2017	2018	2019	2020
Frå auka eigedomsskatt	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av fond	5 000	5 000	5 000	5 000
Reduserte låneopptak	- 7000	- 7000	- 7000	- 7000

Røysting:

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding punkt for punkt:

- Punkt A Samrøystes vedteke
- Punkt B Framlegget frå Boris Groth vart sett opp mot formannskapet si tilråding - Boris Groth sitt framlegg fekk 1 røyst og fall
- Punkt C Framlegget frå Boris Groth vart sett opp mot formannskapet si tilråding – Boris Groth sitt framlegg fekk 1 røyst og fall
- Punkt C 2 (Disponering av auka eigedomsskatt) Kjartan Haugsnes sitt framlegg fekk 6 røyster (SV, KRF, MDG) og fall
- Punkt D Vedteke mot 4 røyster (SV, MDG)
- Punkt E Vedteke mot 6 røyster (SV, H, MDG)
- Punkt F Samrøystes vedteke
- Punkt G Samrøystes vedteke
- Punkt H Samrøystes vedteke

Det vart så røysta over punkt 6 og 7 i Kjartan Haugsnes sitt framlegg:

- Punkt 6 Framlegget fekk 9 røyster (SV, H, FRP, KRF, MDG) og fall
- Punkt 7 Framlegg fekk 8 røyster (SV, H, KRF, MDG) og fall

KOM - Vedtak:

Økonomiplan 2017 – 2020 vert godkjent slik den ligg føre, med slike endringar frå formannskapet:

- A. Kommunestyret viderefører dei føringane ein vedtok i økonomiplanen for 2016 – 2019 som ikkje er gjennomført.
- B. Kommunestyret vedtek rådmannen sine rammer for tenesteområda med følgjande endringar:

Tenesteområde	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
Felles	26 100	- 500	- 1 000	- 1 500	- 2 000
Oppvekst	69 800	+ 1 000	+ 1 000	+ 1 500	+ 1 500
Helse og omsorg	122 800	+ 1 000	+ 1 500	+ 1 500	+ 2 000
Samfunnsutvikling	40 100	+ 500	+ 500	+ 500	+ 500
Sum	258 800				
Frå auka inntekter		+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000	+ 2 000

- C. Auka inntekter frå eigedomsskatt private hus og fritidsbustader:

	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
+ 0,02 %		+ 4 000	+ 4 000	+ 4 000	+ 4 000
Retaksering				Rådmannen legg opp til	

				retaksering i 2019. Det vert difor ikkje føreslege å ta ut heile potensialet	
Til styrking av drift		2 000	2 000	2 000	2 000
Til demping av låneopptak		2 000	2 000	2 000	2 000

Halvparten av dei auka inntektene går til tenestoområda. Halvparten går til å dempa låneopptaka/styrka finans.

D. Konesjonskraftgevinst

Det er ikkje budsjettert med konesjonskraftgevinst i framlegget til rådmannen. Rådmannen vert beden om ei sak der ein drøftar moglegheiter og utfordringar med å halda gevinsten utanom årsbudsjetta i ei framtid med evtuelst gevinst.

E. Kommunestyret vil koma tilbake til eventuelle endringar i kapitalbudsjettet under handsaming av årsbudsjetta.

Finans/låneopptak - endringar i høve rådmannens framlegg

Tiltak	2017	2018	2019	2020
Frå auka eigedomsskatt	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av fond	5 000	5 000	5 000	5 000
Reduserte låneopptak	- 7000	- 7000	- 7000	- 7000

F. I økonomiplanperioden skal det gjennomførast ein organisasjonsgjennomgang med mål om ein reduksjon i sentraladministrasjonen.

Formannskapet er referansegruppe

G. Det vert avsett kr. 500 000 kvart år i økonomiplanperioden til «Aksjon sjukefråver» Mandat for bruk av midlane vert utarbeidd av AMU.

H. Kommunestyret ber administrasjonen om ei sak til budsjett for 2017 om evt. å søkja ENOVA om støtte og igangsetjing av EPC – modellen (Energy performance contracting) for Vaksdal kommune som har eit innsparingspotensiale på inntil 1,86 GWH tilsvarande omlag 1,3 millionar årleg.

Saksopplysningar:

Rådmann sitt framlegg til økonomiplan 2017 – 2020 vart presentert og delt ut i kommunestyremøte 23. Mai 2016.

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet

avgi innstilling som nevnt.

7. *Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
8. *Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Økonomiplanen vert behandla i formannskap/plan og økonomiutval og kommunestyre i juni, planen er førande for årsbudsjettet. Framlegg til årsbudsjett for 2017 kjem til behandling i haust med vedtak i desember.

Rapport forprosjekt *Lev Vel i Vaksdal* og ei oversikt over kommunale bygg ligg ved økonomiplanen. Sak om skulestruktur vert lagt fram som eige sak jf vedtak for gjeldande økonomiplan. Vidare gjorde Kommunestyret slikt vedtak: Når sak om skulestruktur er behandla kjem rådmann tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt; framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst og plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i.